



MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE
SENER AS
Postboks 18
5447 MOSTERHAMN

Dato: 16.03.2018
Vår ref.: 2014/19488-15
Saksbehandlar: johmeyer
Dykkar ref.:

Om etablering av rutinar for varsling og eige varslingsutval

Hordaland fylkeskommune vil som hovudaksjonær i Moster amfi og kyrkjehistoriske senter AS oppmode institusjonen om straks å utarbeide eigne rutinar for varsling dersom ikkje verksemda allereie har etablert slike.

Til orientering vert varslingsrutinane for Hordaland fylkeskommune lagt ved som vedlegg til dette brevet. Institusjonen må gjerne nytte desse rutinane som mal så langt dei passar.

Hordaland fylkeskommune vil samstundes gjennom dette brevet gje Moster amfi og kyrkjehistoriske senter AS tilbod om å nytte fylkeskommunen sitt varslingsutval som sitt eige varslingsutval.

Rune Haugsdall

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Varslingsrutinar for Hordaland fylkeskommune